



Våge



TYSNES KOMMUNE

Tysnes kommune er ei øygruppe med eit samla areal på 255 km². Landskapet vekslar mellom sva-berg og lyngheier mot vest og havet utanfor, til stupbratte fjellsider, særmerkte skogar og frodig veg-etasjon mot aust og ytre Hardangerfjorden. Mellom desse ytterpunkta finst ein stor skjergard og eit flott fjellområde med toppar over 750m. Våge er handelssenteret i kommunen. Administrasjonssenteret held til i Ugddal.




Osøyro



KOMMUNE

Ossongen begynner «Det ligg ei bygd millom fjordar og fjell, den vênaste nokon kann sjå» og seier det meste om denne vakre bygda ved Bjørnafjorden. Her kan ein nyte fantastisk natur med eit rikt kulturliv og eit flott kommunesenter i Osøyro - kort veg frå Bergen og Flesland flyplass. Her budde Ole Bull i sitt fantastiske hus på Lysøyen, og kulturarven er stor med Lysekloster, Oselvarverkstad, Lyngheimtunet, Oseana kultursenter, Vognhallen, Solbakkestova Galleri med fleire, helt tilbake til bronsealderen.



Garden på Dalland



Ugddal



Haaheim Gård



Lysøyen



Oselver



Lysekloster



Ytre Tysse



Samnanger kommune

- der du vil leva og bu -

Samnanger er ein vakker kommune med både fjord- og fjell-landskap i hjarta av Hordaland. Den mest kjende attraksjonen vår er Fossen bratte (Brudesløret). Me har spesielt gode tilhøve for friluftsliv, fiske og jakt. I Samnanger ligg og det største alpinanlegget i Bergensområdet, Eikedalen skisenter. Det er også mange fine badeplasar ved Samnangerfjorden. Ytre Tysse og Bjørkheim er handels-sentra.



Eikelandsosen




FUSA KOMMUNE

Fusa ligg i det frodige og opne fjord-landskapet i Midthordland. Kommunen har ei lang kystline på ca 198 km med mange holmar og skjær, samstundes som ein har fjellheimen i ryggen mot aust med toppar opp til 1299 m.o.h. (Tveitakvingen). Kommunesenteret er Eikelandsosen og derifrå er det ikkje langt til kulturminne som Tønnegården Economuse, Holdhus gamle kyrkje, Engevik gard, Eidegrend klyngetun og Eighaugen gard som alle osar av lokal historie og kultur.



Osteriet Tveit



Eikedalen



Fossen Bratte



Holdhus



Tønnegården



Engevik Gård

